Osterøy ungdoms- og idrettsutval
v/Sjur Lohne

5250 Lonevåg

Med dette sender me avskrift av vår årsmelding for 1970. Me viser ellers til vår søknad av

ÅRSMELDING FOR HAUSVIK FOTBALLKLUBB 1970.

Året 1970 har vore eit jamt, godt arbeidsår for Hausvik Fotballklubb. Ein stillte ikkje seniorlag i serien på grunn av for dårleg økonomi. Gutelaget vårt deltok i serien, der dei vart nr. 5 med 10 poeng. Trenar for gutelaget har vore Jørgen Varden.

Det ein har hatt som hovudmål i 1970, er å få økonomien på fote att. Dette har ein til ein viss grad greidd, då ein pr. 11/12-70 har ca. kr. 1.100,- i kassa. Ein del skuld har ein ikkje betalt, så økonomien er ikkje så sterk som han burde vore.

Seniorlaget har spelt ei rekkje treningskampar, med tildels bra resultat. Desse kampane har for det meste vore spela mot Fotlandsvåg Idrettslag. Seniorlaget i år har vore samansett av svært unge spelarar, og ein vonar at ein skal få byggja opp eit godt lag av desse om nokre år. Neste år er det meininga å stilla lag i serien.

Arbeidet med bana i Haus har kome godt i gong i meldingsåret. Ein har så smått begynt å bruka ho til trening. Til neste år er det meininga å gjera mykje arbeid på bana ved dugnad, og ein vonar å kunna ta bana i bruk ein gong i 1972 til seriekampar. Dette avheng av at me får dei naudsynte bevilgningar av kommunen til bana.

I meldingsåret har styret vore slik samansett: Åge Nordås, formann, Arild Åsheim, nestformann, Leif Skår, kasserar, Øyvind Litland, styremedl., og Erling Skår, styremedl.

Medlemstalet har lege på ca. 35 tilsaman.

5248 Haus i Hordaland, 28/8-71

Åge Nordås
formann (1970)

Olav Åsheim
formann (1971)

Avskrift av

# Rekneskap for 1970 for Hausvik Fotballklubb.

| Mnd. | Dato | Tekst | Bilag | Debet | Kredit |
|---|---|---|---|---|---|
| an. | 1. | I Kassa | | 396,06 | |
| " | 13. | Komm. tilskot | 1 | 400,- | |
| ebr. | 23. | Kretsen | 2 | | 35,- |
| pr. | 19. | Forbundet | 3 | | 25,- |
| Mai | 10. | Nygård Bensin (forb. saker) | 4 | | 15,25 |
| " | 31. | Reiseutgifter | 5 | | 17,- |
| uni | 20. | Dommarutgifter | 6 | | 93,- |
| " | 22. | Vask | 7 | | 45,- |
| Aug. | 8. | Netto overskot, dans | 8 | 602,37 | |
| t. | 5. | Kretsen | 9 | | 25,- |
| kt. | 10. | Dommarutgift (J. Rasmussen) | 10 | | 50,60 |
| " | 29. | Kretsen | 11 | | 25,- |
| " | 30 | Loddsal | 12 | 173,- | |
| Nov. | 21. | Vask | 13 | | 45,- |
| " | 21. | Komm. tilskot | 14 | 300,- | |
| " | 28. | Div. regningar A. Åsheim | 15 | | 425,- |
| | | | | 1.871,43 | 800,85 |
| | | Balanse — — — — | | | 1.070,58 |
| | | | | 1.871,43 | 1.871,43 |

Revidert Artur Høyle (sign.) 28/12-70

Åge Nordås (sign.)

Votlo, den 29/8-71

Olav Åsheim
formann

# Hausvik Fotballklubb

Utdrag av rekneskap.

| | | | |
|---|---|---|---|
| Krets-faktura | kr. 110,- | Kommune tilskot | kr. 700,- |
| Dommar utgifter | " 440,25 | Loddsal | " 173 |
| Vask | 90,- | Dans | " 607 |
| Danse utgift. | 143,60 | | |
| Overskot | 796,15 | | |
| | 1480 | | " 1480 |

I årsmeldinga heiter det at laget har hatt eit jamt godt arbeidsår. Dei har hatt eit gutelag med i fotballserien som var nr 5 i si pulje med 10 lag. Jentelaget har spela treningskampar. Laget reknar med å stilla med seniorlag i serien i 1971. Laget klagar over dårleg økonomi.

Medlemstalet er kring 36,-